



Bispevisitas – s. 3 og 4



Allsongfaktor – s. 22



Forfattarbesøk – s. 23



# BOKN BYGDABLAÐ

Nr. 2 mars 2015 – Årg. 30



30  
år

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ **BOKN**



## RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding!

### Kommunereforma

Fredag 20. mars la regjeringa fram meldinga om fordelinga av oppgåvene mellom stat, fylkeskommune og kommunar. Føresetnaden for kommunereforma til regjeringa er at fleire oppgåver, meir makt og ansvar skal overførast til kommunane, og det har vore store forventningar knytt til oppgåvemeldinga.

Nokre av dei oppgåvene som blir foreslått overført til kommunane, er tannhelse, barnevern, familievern, vigselsrett, notarialforretningar, godkjenning av symjeanlegg, sivile politioppgåver, vidaregåande opplæring, skuleskyss og kollektivtransport. Alt dette overfører kostnadar og regelstyrte forvaltningsoppgåver som ikkje krev større politiske vedtak og difor heller svekkar enn styrkar demokratiet. Koss kan då ei slik flytting gje ny, reell makt til kommunane?

Oppgåvemeldinga ber elles preg av at regjeringa ikkje flyttar vesentlege statlege oppgåver til kommunalt nivå, men bare foreslår ei omplasering av oppgåver frå fylkeskommunane til nokre utvalde byområde. Stortinget bestemte sommaren 2014 at ein skal halda fram med ein trenivåmodell i Noreg der fylkeskommunane består. Forslaget inneber at ein plukkar oppgåver frå fylkeskommunane, samstundes som regjeringa varslar ei oppgåvemelding til hausten. Ei slik reform vil føra til svekking av fylkeskommunane og er ei reform for endå meir statleg styring og auka byråkrati. Det vil vera uklokt å gjennomföra ei reform som førar til ein mindre heilskapleg organisering av sektorane, då dette gjer det vanskeligare å sjå dei totale behova i eit fylke.

Svakheita med denne framgangsmåten, er at nye oppgåver blir lista opp utan å visa konsekvensane. Spørsmål-

let er om kommunane for ein kvar pris ynskjer seg nye oppgåver, spesielt viss det ikkje følgjer statlege midlar med. Mange av dei føreslegne oppgåvene, slik som t.d. samferdsle og vidaregåande opplæring, krev ein overbygning som for ein fylkeskommune, i tillegg til at det krev store overføringer frå staten. Sjølv om det skulle bli ei storstilt kommunesamanslåing som følgje av reforma, vil mange kommunar framleis bli for små for oppgåvene regjeringa foreslår.

Bokn kommunestyre gjorde hausten 2014 vedtak om at arbeidet med kommunereforma i Bokn blir utsett til oppgåvemeldinga blir lagt fram. Det blir spennande å sjå om lokalpolitikarane i Bokn synest forslaga og oppgåvene som er foreslått overført frå stat og fylkeskommune, er interessante nok til å starta ein prosess som kan innebere at ein slår seg saman med andre kommunar.

Ordføraren

## Boknafjellet passerte 4.000

Jardar Havikbotn

**Det blei ny underskriftsrekord i postkas-  
seboka på Boknafjellet i fjor. Vardafjel-  
let og Boknahåve hadde ein nedgang i  
talet på besökande.**

### Boknafjellet

I 2012 og 2013 låg talet på rundt 3.900 namn, og i 2014 gjekk det over 4.000 med god margin. Nr. 4.153 blei det siste talet i boka. Den som blei trekt ut var nr. 1.648, **Torger Tengs, Kopervik.**

### Vardafjellet

I 2013 var det rekord her på 1.631. Talet blei kraftig redusert i fjor, då 952 per-

sonar skreiv seg opp i boka. Nr. 297 blei trekt ut. Det var **Susanne T. Log, Stavanger.**

### Boknahåve

2013 var også eit godt år for Boknahåve, og rekorden frå det året på 316 namn blei ikkje passert i 2014. 257 namn var med i trekninga denne gong. Vinnaren blei nr. 16, **Oddrun Nilssen, Bokn.**

Me gratulerer!

Takk til **Gry K. Øvrebø og Wenche L. Havikbotn** for sporty innhenting av nødvendig informasjon på dei ulike stadene.

*La oss håpe at den nye postkassen på Varda-  
fjellet får folk til å besøka toppen, og skriva seg  
opp i boka slik at besøkstalet for 2015 igjen  
kjem godt over 1.000.*

Bokn kommune oppfordrar fastbuande og besökande turgårar, joggarar, syklistar, m.m. til friluftsliv. Dei som skriv opp namna sine i bøkene på dei ulike stadene, er med i trekninga om gåvekort på kr. 500,- hos sport og villmarkskjeden XXL. Premien kjem i posten.



# Bispevisitas på Bokn

Jan Magne Moi

**Bispevisitasen for Tysvær og Bokn, starta på Boknatun denne gongen. Her var alle kyrkjeleg tilsette samla i møte med biskop Erling Pettersen.**

Etter samlinga bar det opp på høgaste topp. Det ble godt, men me hadde ei fin samling med bøn for sokna som skulle ha visitas. Gudmund Ølstern spela kornett og gjorde allsongen lett.

Etter møte med formannskap, kommuneleiing og også møte på Bokn skule, bar det i veg ut i skogen til speidarane sin samlingsstad. Biskopen var svært imponert over korleis speidarane hadde laga det til for dei forskjellige speidargruppene. Her var det tydeleg lagt vekt på trivsel og glede.

Sjølv vart biskopen tatt opp som medlem av oppdagarane. Det var speidarleiar Leiv Våga som stod for det høgtidelege opptaket.

Takk til Svein Ove Alvestad og leiara- ne han har med seg. Dei gjer ein fantastisk innsats for at speidarane skal vere eit så bra arbeid for barn og unge.



*Frå toppen av Boknafjellet.*



*Frå speidarsamlinga i Speidarskogen på Sunnaland.*



*Biskopen var svært imponert over korleis speidarane hadde laga det til for dei forskjellige speidargruppene. Her ein Gapahuk.*



*Biskopen vert tatt opp blant Oppdagarane. Leiv Våga til høgre.*

# Biskop Erling møtte Bokn kommune

Tekst: Jan Magne Moi - foto: Jardar Havikbotn

**Ordførar Kyrre Lindanger ynskte biskopen og hans medarbeidrar velkommen til Bokn og gav ein god presentasjon av kommunen. Bokn er ein av dei eldste kommunane i Rogaland som har same kommune-grenser som ved oppstart. Kommunen vart danna i 1850. Kyrkja er tre år eldre.**

Boknarane heldt av kyrkja si og har eit godt forhold til henne. Ordforaren løfta også fram at kommunen hadde god kontakt med kyrkje-verja som har kontor i hovudadministrasjonen. Det er jamnlege møter mellom kyrkja og administrasjonen.

Biskopen nemnde skilje mellom stat og kyrkje, men hevda at kyrkja lokalt alltid hadde vore ei kommunekyrkje. Dette vona han framleis ville vere realiteten i Norge. Han var glad for også å ha fått same signal frå dei tilsette om god kontakt med kommunen.

## Foredrag på skulen

For lærarane på skulen, løfta biskop Erling fram sin bakgrunn for engasjementet overfor skulen. Han har vore tilsett i IKO og vore med å utarbeide NOU 1995: «Identitet og dialog» Biskopen løfta fram endringa i grunnlova om at den kristne og humanistiske arv er grunnvollen for landet vårt. Gjennom historia er dette så samanvevd at det er nærast umogeleg å skilje i landet vårt. Eit samtaleprosjekt mellom muslimar, kristne og humanetikarar var på gang i Stavangerområdet. Ein føre-



*Biskop Erling Pettersen og ordførar Kyrre Lindanger.*

setnad for dialog og forståing av tru og livssyn hjå andre, er kunnskap og grunnvoll i eige livssyn. Det er difor viktig for skulen å nytte den kunnskap som kyrkja er berar av. Skule er skule og kyrkja må opptre på skulen sine premisser som underviser i dette samarbeidet.

Biskop Erling Pettersen gav uttrykk for glede over godt samarbeid med kyrkje og skule, men mest imponert såg han ut til å vere over speidararbeidet. Han var takksam for å få møte speidarane ute i skogen der området var tilpassa den aktiviteten som speidarane driv der.

## Soknerådsmøte

I møte med soknerådet, løfta biskopen fram den overraskande informa-

sjonen at det er 32 forskjellige nasjonalitetar i Bokn. Det er flott at det også er uttrykt ynske frå kommunen om eit samarbeid for å møte denne utfordringa om at innflyttarane må finne seg til rette i kommunen. Biskopen viste til Dialogsenteret som ein ressurs i møte med andre nasjonalitetar.

Biskopen ynskte også lukke til med det arbeidet som var starta med tanke på kyrkjelydsutvikling. Det er ulike verktøy utarbeida som kan vere til hjelp med dette arbeidet.

**Biskopen sitt visitasforedrag kan du lesa på [bygdabladet.no](http://bygdabladet.no)**

**- redaktøren -**



Kommunale avgifter og eigenandelar for 2015

Dei satsane som blei presenterte i førre utgåve var forslag til kommunale avgifter og eigenandelar for 2015.

På dei neste sidene kjem dei vedtatte satsane.

**- redaktøren -**



<b>Vedtatte avgifter og eigenandelar</b>					
<b>Kommunale avgifter</b>	<b>2014</b>		<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
(sats pr. år der ikkje anna er oppgitt)	(inkl mva)	<b>endring</b>		<b>netto</b>	<b>Netto</b>
Slamavgift	945	0 %	945	756	756
½ slamavgift	474	0 %	474	379	379
¼ slamavgift	246	0 %	246	197	197
½ slamavgift 8m3 tank	670	0 %	670	536	536
Slamavgift 12m3 tank	1 341	0 %	1341	1 073	1 073
Slamavgift 6m3 tank	869	0 %	869	695	695
Slamtømming utanom ordinære tømmerutri- ner	etter faktura				
<b>Feiing og brannsyn / tenesten vert kjøpt av Tysvær og vi fylgjer deira satsar</b>					
Feiing kvart år	745	0 %	714	571	571
Feiing pr. pipe (kvart 2.år)	497	0 %	455	364	364
Feiing pr. pipe (kvart 3.år)	412	0 %	378	302	302
Feiing pr. pipe (kvart 4.år)	372	0 %	343	274	274
Tilsyn med gassformig brensel	248	0 %	229	183	183
Feiing hytter pr feiing.	745	0 %	683	546	546
<b>Renovasjon / Med forbehold om at satsane vert vedtatt av HIM IKS sitt styre</b>					
Renovasjonsavgift standard	2 931		2 875	2 345	2300
Lite renovasjosabonnement	2 492		2 444	1 993	1955
Stort renovasjonsabonnement	5 863		5 750	4 690	4600
Abonnement.m/stor restavfallsdunk	5 276		5 175	4 221	4140
Abonnement m/stor papirdunk	3 224		3 163	2 580	2530
Hytte renovasjon	1 759		1 725	1 407	1380
Ekstra henteavstand inntil 30m	1 450		1 450	1160	1160
<b>Kloakk</b>					
Kloakkavgift inntil 250	3 561	0 %	3 561	2 849	2 849
Kloakkavgift Hytte o.a. eide domar	1 691	0 %	1 691	1 352	1 352
Tilknytningsavgift kloakk	25 000		25000	20 000	20 000
Tilknytning avløp utanom hovedbruk	6 250		6250	5 000	5 000
<b>Vatn</b>					
Tilknytningsavgift vann	25 000		25000	20 000	20 000
Tilknytning vatn utanom hovedbruk	6 250		6250	5 000	5 000
vannavgift bolig	5 459	0 %	5 459	4 367	4 367
Vannavgift gardsbruk	8 735	0 %	8 735	6 988	6 988
Vannavgift hytte oa. eide domar	2 724	0 %	2 724	2 179	2 179
innstallasjon av vannmålar	994	0 %	994	795	795
Fast abn.gebyr vatn (vannmålar)	1 926	0 %	1 926	1 541	1 541
Forbruksgebyr vatn pr.kbm	15,00	0 %	15	12	12
Leige av vannmålar tom 25mm	496	0 %	496	397	397
Leige av vannmålar 25-50mm	994	0 %	994	795	795
Leige av vannmålar 51-150mm	1 788	0 %	1 788	1 430	1 430
Leige av vannmålar større enn 150mm	7 946	0 %	7 946	6 357	6 357
<b>Bygdablad</b>					
Abonnement papir el.PDF	404	5 %	424	404	424
Abonnement papir +.PDF	578	5 %	607	578	607
Annonse: 1/8 side	250	0 %	250	200	200

Annonse: halvside	1 000	0 %	1000	800	800
Annonse: heilside	2 000	0 %	2000	1 600	1 600
Annonse: kvartside	500	0 %	500	400	400
Fastann.etter avtale		0 %	0		0
Privatannonse	100	0 %	100	80	80
Nettannonse	100	0 %	100	80	80
<b>Barnehage</b>					
<b>11 betalingsterminar endringstidspkt fra pr. 01.08.14 1.aug.2015 (følger statens satser)</b>		<b>endring</b>		<b>ingen mva</b>	
Heildag - 5 dg/veke	2 360	1 %	2580		
Heildag - 3 dg/veke	1 420	1 %	1436		
Heildag - 2 dg/veke	950	1 %	960		
Kost 5dg/veke	250	0 %	250		
Kost 4dg/veke			225		
Kost 3 dg/veke	155	1 %	200		
Kost 2 dg/veke	120	0 %	120		
Dagplass	200	0 %	200		
kost dagplass	13	0 %	13		
<b>Diverse sal</b>	<b>2014</b>	<b>endring</b>	<b>2015</b>	<b>ingen mva</b>	
Bygdabok pr. bind.	450		450		
CD v/Spurkeland	150		150		
Boknaspenna nål / smykke	1 100,- /1.400,-		1 100,- /1.400,-		
Krus	75		75		
Haug og heidi / Boknakyrkja (hefter)	50		50		
Kopiar svart/kvit ant.1-100	0,50		0,50		
Kopiar svart/kvit ant.101-xxxx	0,30		0,30		
Kopiar farge ant. 1-100	2,00		2,00		
Kopiar farge ant. 101-xxxx	1,50		1,50		
Plastlaminering	10,00		10,00		
<b>Musikkskulen</b>	<b>ingen mva</b>	<b>endring</b>		<b>ingen mva</b>	
Einetimar (20 min)	734	5,00 %	771		
Einetimar (30 min.)	1 100	5,00 %	1 155		
Delt time (20 min)	368	5,00 %	386		
Delt time (30 min.)	550	5,00 %	578		
Instrumentalgrupper	756	5,00 %	794		
Leige instrument	355	5,00 %	373		
sang, dans,drama	585	5,00 %	614		
Rådmannen får fullmakt til å fastsette brukarbetaling for kortare kurs og tilbod					
Søskenmoderasjon 30% på rimelegaste aktivitet.					
Søskenmoderasjon barnehage 30% (på rimelegaste tilbud)					
Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbud / også i kombinasjon med barnehage)					
Søskenmoderasjon 50% på barn 3.					

SFO - takstendring fom 1.08.2014				
10 betalingsterminar (bet.fri. juni og juli)	2014/2015	endring	2015/2016	ingen mva
Heil plass skuledagar	2 355	0,00 %	2 355	
Heil plass skuledagar + skulefridagar	3 476	0,00 %	3 476	
Skulefridagar	1 120	0,00 %	1 120	
5 dg/u. Før skulestart	785	0,00 %	785	
5 dg/u Frå skuleslutt til 1410	361	0,00 %	361	
5 dg/u Frå 1410 til 1630	1 209	0,00 %	1 209	
3 dg/u. Før skulestart	457	0,00 %	457	
3 dg/u Frå skuleslutt til 1630	704	0,00 %	704	
2 dg/u. Før skulestart	326	0,00 %	326	
2 dg/u Frå skuleslutt til 1630	504	0,00 %	504	
Frukost alle dagar	222	0,00 %	222	
Frukt alle dagar		0,00 %		
Pleie og omsorg	2014		2015	ingen mva
Opphold og hjelp i heimen fylgjer dei maksimaltsatsane som Stortinget vedtar. *)		Maksimalt vederlag pr. mnd i 2014		
Fribeløp før beregning av vederlag	7 250		7 250	
fribeløp før beregning av vederlag ved dobbelt rom	35 000			
Kostnad pr. liggedøgn iflg.rekneskap 2013 (forutsetning for vederlagsberegning)	3 000			
Dag/natt opphold *)	74	3 %	74	
Døgn opphold *)	142	3 %	142	
Heimehjelp timer inntil 2 G	44	180	160	
Heimehjelp timer 2G-3G	51	770	188	
Heimehjelp timer over 3G	73	825	230	
Trygghetsalarm pr.mnd. Kr 115,-	1 380		1 380	
Middag	62	21,00 %	75	
Middag dagsenteret	62	21,00 %	75	
Husleigeinntekter				
Husleiga på alle kommunale bustader vert indeksregulert 1.10. med konsumprisindeksen				ingen mva
Nye gebyr ved manglende betaling (ihht inkassoforskriften)	max sats		max sats	
Purregebyr	pt. 63,-		pt. 63,-	
Innkassogebyr	pt. 189,-		pt. 189,-	
Forsinkelsesrente	pt. 9,5%		pt. 9,5%	
Oppmåling og tinglysningsgebyr vert fakturert etter faktisk kostnad + kommunalt adm.gebyr på kr 95,-				

**Tiltak som krev søknad om løyve etter pbl § 20-1**

	2014	auke	2014
Bustader og fritidsbustader i regulert område	8 398	5 %	8 818

## Kommunale avgifter og eigenandelar for 2015

Bustader og fritidsbustader i uregulert område	11 198	5 %	11 757
Driftsbygningar/ landbruksbygg over 1000 m <sup>2</sup> BRA	11 759	5 %	12 347
Mellombels bygg og anlegg som skal stå meir enn 2 år	4 199	5 %	4 409
Brygge, molo m.m.	4 199	5 %	4 409
Brønn, basseng dam	4 199	5 %	4 409
Garasje, naust, uthus, redskapshus og liknande	4 199	5 %	4 409
Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off.bygg m.m	11 759	5 %	12 347
Fasadeendring o.l., tilbygg BRA over 50 m <sup>2</sup>	5 599	5 %	5 879
Bruksendring	2 800	5 %	2 940
Riving	2 800	5 %	2 940
Byggeteknisk installasjon, pipe, heis og liknande	2 800	5 %	2 940
Oppdeling/ samanføyning av bustadeiningar	2 800	5 %	2 940
Innhegning mot veg, skilt eller reklame	2 800	5 %	2 940
Frådeling av eigedom	2 800	5 %	2 940
Vesentleg terrenginngrep	2 800	5 %	2 940
Veg og parkeringsplassar	2 800	5 %	2 940

### Tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-2 og som tiltaks-havar skal stå føre

Mindre tiltak på bygd eigedom	1 680	5 %	1 764
Alminneleg driftsbygning i landbruket opp til 1000 m <sup>2</sup> BRA	2 800	5 %	2 940
Mellombels bygg og anlegg som skal stå mindre enn 2 år	1 680	5 %	1 764
Fasadeendring og liknande, tilbygg opp til 50m <sup>2</sup> BRA	1 680	5 %	1 764
Garasje, naust, uthus, reiskapshus og liknande opp til 70 m <sup>2</sup>	1 680	5 %	1 764

### Andre gebyr

Dispensasjon etter pbl § 19-1	5 599	5 %	5 879
Løyve til å setja i gang	2 800	5 %	2 940
Minstegebyr, andre slag arbeid	2 800	5 %	2 940
Utsleppsløyve for nye og rehab. av private avlaupsanlegg	4 199	5 %	4 409
Godkjenning av ansvarsrett utan sentral godkjenning	2 239	5 %	2 351
Godkjenning av ansvarsrett med sentral godkjenning	-	5 %	-
Tilleggsgebyr for ulovlege tiltak som kommunen blir merksam på og som ein må forfølgja. Gebyret kjem i tillegg til andre byggesaksgebyr	11 109	5 %	11 664

**GRATULERER!**



Frida Vatnaland Eide - 5 år, 4. mars.

Me vil gratulera Frida Vatnaland Eide med 5 års dagen 4. mars.

Hilsen mormor, morfar, oldemor, oldefar og onkel Kjetil.



Jens Morten Vatnaland - 50 år, 19. mars.

Me vil gratulera Jens Morten Vatnaland med 50-års dagen!

Hilsen mor, far og søsken med familie.



Annabell Kallevik Våge - 1 år, 23. mars.

Hurra for lille jente vår, Annabell, som fyller 1 år den 23. mars.

Stor klem fra mamma og pappa.



## Kommunale avgifter og eigenandelar for 2015

### Plansaker etter pbl kap. 12

Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa	44 436	5 %	46 658
Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa	74 060	5 %	77 763
Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa	103 684	5 %	108 868
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa	74 060	5 %	77 763
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa	103 684	5 %	108 868
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa	133 308	5 %	139 973
Mindre reguleringsendring	14 812	5 %	15 553

**Påsken** er sammen med julen den mest sentrale av de kristne høytidene, og feires til minne om Jesu Kristi siste nattverd, lidelse, død og oppstandelse. Forut for påsken markeres fastetiden og den stille uke, og etter påskesøndag kommer påsketiden, som varer fram til pinse. Ordet påske er en forvanskning av navnet på den jødiske høytiden pesach. Jødene har feiret påske lenger enn kristne. De feiret utvandringen fra fangenskapet i Egypt. Det var Jacob og hans 12 sønner som i sin tid bosatte seg i Egypt og deres etterkommere ble gjort til slaver under Faraos styre.

[Frå Wikipedia](#)




Foto: Kjetil Hamre


## Minneord

**Minneord, Bjørn Eirik Gundersen - født: 28.12.1943 - død: 5.3.2015**

Pappa ble født i Oslo, og vokste opp på Bestum. Hans foreldre var Bjarne Gundersen og Else Magda Faye Gundersen. Pappa var enebarn, men hadde en halvsøster, Aggi Bergsvik, som han var svært glad i.

Pappa flyttet sammen med foreldrene sine til Sigerfjord i Vesterålen. Da var han 16 år gammel. Han tok utdannelsen sin der, og i forbindelse med det, traff han sin Solveig. Hun gikk på Handelsskolen i Sigerfjord. De giftet seg i 1966, og fikk tre barn.

Pappa ble utdannet laborant, og jobbet først med dette på Sigerfjord Sildindustri, til han tok over bedriften etter sin far. Senere fikk han jobb som daglig leder på Bokn Fiskemottak. Han var aktiv i både Bokn båtforening, Bokn brukerråd og satt



åtte år i Bokn sokneråd.

Pappa var glad i å være på sjøen og likte godt å jobbe med praktiske ting. Han var nevenyttig, og hadde ett utrykk: "Æ gjør en vri".

Pappa var en sosial person, og likte

godt å reise. Pappa var en fargerik og sammensatt person. Helsa satte en stopper for mye hans siste år.

Pappa etterlater seg tre barn og fem barnebarn.

**For familien, Elisabet Taraldlien.**

# Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord



## Westamaranane, del II

### Uvær trugar

Som me såg sist, var Haugesundske Dampsksibsselskab pioner på westamaranruta mellom Haugesund, Kopervik, Føresvik og Stavanger.

Dei raude westamaranane deira trafikkerte trufast Boknafjorden i tolv år til dei i 1984 gav opp og let dei kvite båtane til *Flaggruten* ta over. Flaggruten blei skipa i 1974 ved at Stavangerske (DSD) gjekk inn med 45% av aksjene, Sandnes Damp (SDS) med 39% og Hardanger-Sunnhordlandske (HSD) med 25%. Slik var det fram til i 1988 då DSD tok over SDS sin part slik at det frå då av bare var DSD og HSD som sto bak Flaggruten. Dei to dreiv i lag fram til i 1992 då HSD kjøpte ut Flaggruten og dreiv tilbodet åleine. Men hausten dette året skjedde noko som i lengda kom til å bli ein dødsstøyt for ruta – Rennfast blei opna og med det fastlandssambandet til Bokn og Rennesøy med ferjetrafikk mellom Arsvågen og Mortavika.

Dette førte på den eine sida til at det blei mykje enklare å køyra bil mellom Stavanger, Bokn, Haugesund og Bergen, på den andre sida blei det også opna eit busstilbod mellom Bergen og Stavanger, eit tilbod som snart viste seg å bli ganske populært.

Westamaranane konkurrerte ut Nattruta, men fekk sjølv aukande konkurranse. Frå før var det flyplassar både på Sola og Flesland, og i 1975 kom Helganes til.

I aukande grad gjorde reisande bruk av fly, men westamaranane heldt likevel godt unna. Trafikken auka helst på, og frå 1977 fram til i 1988 tok dei tri westamaranene *MS Vingtor*, *MS Sleipner*, *MS Draupner* og seg



Tideadmiral.

av den stadig aukande trafikken. Dei brukta nok 40 minuttar meir enn hydrofoilane på ruta frå Stavanger til Bergen, men dei var mykje stødigare og tryggare i sjøen.

ande. Vindretninga var likevel gunstig og fartøyet kunne sidan på natta takast på slep tilbake til Leirvik. Av dei 167 om bord blei likevel 22 lagt inn på sjukehus, men utan alvorlege



Passasjerane entrar Tyrving.

### Den farlege Sletta

Trass i det, skjedde det uhell. Dei to mest alvorlege skjedde begge med *MS Sleipner*.

Fyrste gongen var søndag 4. januar 1976 då *Sleipner* i stivkuling og med 27 knops fart klokka 20,20 og i mørke rende på Håskruskjæret for sørgå-

skader.

Mykje verre gjekk det den 26. november 1999 då den splitter nye *Sleipner* også då i mørke gjekk for full fart på Store Bloksa, også det straks ved Ryvarden fyr. Denne gongen mista 16 menneske livet! Og denne gongen sto sjøen rett på slik at båten sokk.

## Optimisme og nye båtar

I historia om Flaggruten, var 1989 eit viktig år. I mai det året blei dei "gamle" båtane skifta ut med to nye, men med dei gamle namna: *Sleipner* og *Draupner*. Dei gamle båtane var då framleis bare elleve år gamle. Men det trondst både raskare båtar og båtar med større passasjerkapasitet. Medan dei førre båtane bare gjorde 28 knop, var dei nye båtane gode for 37 mil. Det innebar at turen mellom Stavanger og Bergen med stoppestad mellom anna i Føresvik, kunne gjerast unna på 3 timer og 45 minuttar. Samstundes blei kapasiteten auka frå 180 til 243 passasjerar. Dette innebar at dei nye båtane var vel så raske som dei tidlegare hydrofoilane, men med plass det godt over dobbelt så mange passasjerar.

Trafikken var kraftig aukande og optimismen med den. Men denne optimismen fekk seg altså eit skot for baugen i 1992 med opninga av Rennfast og med den by-til-bussar mellom Bergen og Stavanger over Bokn. Flaggruteanløpet blei då nokre månadar flytta frå Føresvik til Arsvågen, men utan nokon større suksess. Så snart etter blei anløpa flytta tilbake til Føresvik. Ein ny støytt fekk sambandet etter at trikantsambandet mellom Stord, Sveio og Bømlo blei opna i 2001, noko som effektiviserte den landvegsferdsla endå meir.

Likevel var trafikken såpass at ein våga å halda fram. I mai 1996 og i mai 1999 var tida inne til å fornya båtparken att. Det første året kom ein ny *Vingtor* og det året kom det nye *Draupner* og *Sleipner*, alle drivne med vannjet. Dei to siste var ikkje lenger bygde i Noreg, men i Australia. Dei tok ikkje fleire passasjerar enn dei førre båtane, men hadde 40% meir rom. Viktig var det også at dei brukte 20% mindre drivstoff. Elles kunne dei også gjera større fart enn forgengarane. For å spara drivstoff,



Frå den aller siste turen med Flaggruten.

blei det likevel ikkje lagt opp til å gå full fart. Reisetida blei difor ikkje kortare.

### Ein halv million passasjerar

Og passasjertalet auka til det i 1998 passerte ein halv million. Men med trikantsambandet blei konkurransen med bussane mykje skarpare. Dessutan fall passasjertalet dei fyrtre åra etter *Sleipner*-havariet.

Sjølv om talet på passasjerar etter kvart tok seg opp att, auka kostnaden meir. Og for året 2003 tok dei raude tala til å visa seg. Med det starta ei gradvis nedbygging av Flaggruten. Det fyrtre grepset HSD gjorde, var for resten av året å fjerna avgangen klokka 9.15 med retur frå vinterruta. Dessutan la ein ned søndagsturen kl. 18.00 frå Haugesund om vinteren.

Ved nyttår 2004 blei det slege fast at eksistensen til Flaggruten rett og slett var truga av bil, buss og fly. Ei viktig utfordring var at det kosta 30% mindre å ta buss enn båt og at reisetida med trikantsambandet blei redusert. Norwegian starta også med billeggbillettar på fly og ei ny hurtigbilferje skulle gjera turen mellom Stavanger og Bergen på bare tri timer. Resultatet var at HSD rett og slett vurderte å leggja ned Flaggruten.

### Mot slutten

I februar 2004 valde HSD likevel å halda fram drifta, men med eit underskot på ti millionar kroner same året og frå 2006 var det Tide Sjø som tok over drifta. Tide slo til med nye og større båtar, sist Tideadmiral i 2010. Den kunne ta 280 passasjerar og gjorde 35 knop, men med 2/3 av drivstoffforbruket til dei fyrtre hydrofoilane. Men det gjekk bare galne vegen. Medan bussane i 2009 hadde over ein halv million passasjerar, frakta Flaggruten bare 200.000!

I løpet av dei 13 åra som fylgde, fall talet på reisande til bare 120.000. Og bare 20.000 av dei reiste heile vegen mellom Stavanger og Bergen: Ikkje stort meir enn fem på kvar tur! Etter eit par år blei difor *Tideadmiral* teken ut av ruta att. Nå var det bare dei to båtane *Tidebris* og *Tyrving* som gjekk med to avgangar kvar veg dagleg. Den 31. desember 2014 gjekk så den aller siste turen i Flaggruten.

Tide sjø heldt likevel fram turen mellom Haugesund og Stavanger, nå under namnet Norled. Men etter bare eit år blei også denne ruta lagt ned og nyttår 2015 vart endeleg punktum sett for eit 55-årig snøgg-båttilbod.

(Alle bileta er henta frå [www.stordnytt.no](http://www.stordnytt.no))



Forvalningsstyremøte 04.12.2014, sak 048/14

**Reguleringsarbeid Føresvik Marina - grunngjeving for vedtak.**

**Forvalningsstyret sitt vedtak:**

Arbeiderpartiet sette fram forslag til vedtak som fylgjer:

1. Grunngjevinga for at rådmannen sitt vedtak fall i sak 023/14 er at planen ikkje er i samsvar med kommuneplanen kva vedkjem bruksendring frå naust til rorbuer. Eventuell bruksendring til rorbuer må avklarast i kommuneplanarbeidet.
2. Forvalningsstyret vil rá til at planen blir lagd ut der som forslaget om å gjera om eksisterande naust til rorbuer blir teke ut av planen.

Før det vert teke endeleg stode til om planen skal leggjast ut til offentleg ettersyn, må planen endrast/må det gjerast nærrare greie for dei punkt som går fram av sakførebuinga i sak 023/14. Planen må vise gangveg/fortau langs den omlagde vegen som i nåverande plan

3. Før det vert teke stode til spørsmålet om bygging på den eksisterande moloen, må det dokumenterast at moloen tilfredsstiller krava til byggegrunn i høve til § 21-8 i plan- og bygningslova og § 7-2 i TEK 10.

4. Endra plan blir å leggja fram for forvalningsstyret til ny handsaming før han kan bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Framlegget frå Arbeiderpartiet vart vedtatt samråystes.

Forvalningsstyremøte 04.12.2014, sak 049/14

**GNR.2 BNR.15 - Bente Vaage - Tilbygg/utviding garasje – dispensasjon.**

**Forvalningsstyret sitt vedtak:**

Samråystes vedtatt:

1. Det gis dispensasjon frå kommuneplanens arealbestemelser.
2. Med etterhald om at det ikkje kjem klager innanføre frist vert søknad om oppføring av tilbygg/utviding av garasje vert godkjent med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova i samsvar med søknad.
3. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 1.
4. Det er ein føresetnad at branntekniske krav i høve til avstand frå nabogrense vert oppfylt, jfr. § 11-8 i

TEK10.den innsendte avstandserklæringa

5. Det må søkjast om ferdigattest før bygget vert tatt i bruk.

Formannskapsmøte 03.02.2015, sak 002/15

**Søknad om midlar til kunstgrasbane, ALVESTAD NÆRMILJØANLEGG.**

**Formannskapet vedtok:**

1. Formannskapet løyver kr. 200.000,- til Bokn idrettslag sin kunstgrasbane i Alvestad nærmiljøanlegg.
2. Midlane blir tatt frå 1490 120 1000 - "Reserverte bevilgningar".

Formannskapsmøte 03.02.2015, sak 004/15

**Interkommunalt samarbeid om legevaktjenester - midlertidig ordning.**

**Formannskapet vedtok:**

1. Formannskapet godkjenner avtale med Haugesund kommune om ei midlertidig legevaktløysing for Haugesund, fastlands- og nord Karmøy, Tysvær, Sveio, Bokn og Utsira lokalisert i Karmsundsgata.
2. Tidspunkt for mulig avvikling av dagens legevaktordning i Aksdal og overgang til ny løysing i Karmsundsgata blir førebels fastsett til 01.09.2015.
3. Formannskapet godkjenner at administrasjonen gjer avtale med Haugesund kommune om drift av øyeblikkelig hjelpe døgnopphald til kostnad inntil statleg tilskot til føremålet med oppstart seinast 01.01.16.
4. Formannskapet vedtar saka ihht kommunelova §13
5. Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å inngå avtale som ikkje er av prinsipiell art.





Formannskapsmøte 03.02.2015, sak 005/15

## **Barnehagevedtekter.**

### **Formannskapet vedtok:**

1. Formannskapet vedtek endringar i Bokn barnehage sine vedtekter.
2. Formannskapet gir administrasjonen høve til å endre vedtektenes årleg i tråd med gjeldande gebyr-regulativ.

---

Formannskapsmøte 03.02.2015, sak 006/15

## **Parkeringsplass ved kyrkja.**

**Formannskapet vedtok:** For å få tilgang til areal til bygging av parkeringsplass til bruk i samband med arrangement i kyrkja vil Bokn formannskap godkjennere forslag til make-bytte mellom Gunnar Bokneberg og Bokn kommune vert godkjent slik den går fram av saksutgreiinga.

---

Formannskapsmøte 03.02.2015, sak 007/15

## **ROGFASTUTVALET - mandat, tilleggsløyving og møtegodtgjersle.**

### **Formannskapet vedtok:**

1. Formannskapet tek Rogfastutvalet sitt mandat til etterretning.
2. Formannskapet vedtek å løyve kr. 200.000,- som kan nyttast av Rogfastutvalet til nødvendig utgreiingsarbeid i samband med Rogfastprosjektet. Utgifte ne vert dekka ved tilsvarende reduksjon av avsette midlar til tilleggsløyvingar.

Formannskapet vedtek at det vert utbetalt ei møtegodtgjersle på kr. 300,- pr. møte i Rogfastutvalet for medlemane, ordførar, teknisk sjef og rådmann.

---

Formannskapsmøte 03.02.2015, sak 008/15

## **Søknad om støtte frå Bokn næringsfond**

**Formannskapet vedtok:** samrøystes å støtta søknad med ett beløp.

Formannskapsmøte 03.02.2015, sak 009/15

## **Søknad om støtte til næringsvirksomhet - Jøsang Sjømat.**

**Formannskapet vedtok:** samrøystes å støtta søknad med ett beløp.

---

Formannskapsmøte 03.02.2015, sak 010/15

## **Søknad om tilskott frå Bokn næringsfond - I. Ognøy**

**Formannskapet vedtok:** samrøystes å støtta søknad med ett beløp.

---

Formannskapsmøte 03.03.2015, sak 012/15

## **Nytt brannalarmanlegg på Bokn skule.**

**Formannskapet vedtok:** Det blir løyvd kr 240.000,- til nytt brannalarmanlegg på Bokn skule. Midlane blir å henta frå reserverte løyyingar.

---

Formannskapsmøte 03.03.2015, sak 013/15

## **Innkjøp av grill til Alvestad nærmiljøanlegg.**

### **Formannskapet vedtok mot ei røyst .**

1. Formannskapet løyver kr. 38.000,- til innkjøp av grill til Alvestad nærmiljøanlegg.
  2. Midlane blir tatt frå 1490 120 1000 - "Reserverte bevilningar".
- 

Formannskapsmøte 03.03.2015, sak 014/15

## **Orientering om bemanningssituasjonen i skule og barnehage.**

### **Formannskapet sitt vedtak:**

Kommunalsjef tenester informerte i saka, Informasjonen blei tatt til etterretning.





Formannskapsmøte 03.03.2015, sak 015/15

## **Sal av fleibustadtomt i Fyren boligfelt.**

### **Formannskapet vedtok:**

Samrøysta vedtak;

1. Bokn formannskap vil ikke gå inn for endring av vilkåra nå.
2. Frist for krav om utbygging vert utvida frå 2 til 3 år.

---

Formannskapsmøte 03.03.2015, sak 016/15

## **Eventuelt, formannskapet 03.03.2015.**

### **Formannskapet vedtok:**

Sak om: Ny fleirbrukskall på Bokn.

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart vedtatt mot 1 stemme (SP)

Protokolltilførsel frå SP: SP meiner saksframlegget ikkje gir godt nok grunnlag for å fatte vedtak i saka.

---

Forvalningsstyremøte 27.01.2015, sak 002/15

Gnr. 19 bnr. 2 - Arvid Søndeland - søknad om godkjenning av tomtedelingsplan for 5 bustadtomter

### **Forvalningsstyret vedtok samrøystes:**

1. Forvalningsstyret godkjenner at tomtedelingsplan for gnr. 19 bnr. 2, dagsett 09.09.2014, vert lagt til grunn for seinare søknader om å dele frå einskildtomter.
2. Det vert teke etterhald om at godkjenning frå Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, må ligga føre, før frådeling av einskildtomter kan godkjennast.  
Likeeins må utvida bruk av eksisterande avkjørsle liggja føre frå Statens vegvesen, og det må ligga føre godkjent utsleppsløyve og dokumentasjon for drikkevatn/sløkkevatn.

---

Forvalningsstyremøte 27.01.2015, sak 003/15

Gnr.11 bnr. 183 - Dan V. Aarsand - utviding av terrasse med reiskapsrom – dispensasjon

### **Forvalningsstyret vedtok mot ei røyst frå Ap:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvalningsstyret frå føresegne til kommuneplanen sin arealdel for utviding av terrasse med reiskapsrom slik som det er søkt om.  
Det er lagt vekt på at overskridinga i høve til grensa i føresegne ikkje vil føre til ulempe for nokon, og tiltaket kan ikkje seiast å kome i strid med dei om-syn kommuneplanen er meint å ta vare på. Det er og lagt vekt på at fylkesmannen ikkje har merknader til at det vert dispensert frå føresegne.
2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan fristen, kan endeleg byggeløyve gjevest administrativt på delegert fullmakt.

---

Forvalningsstyremøte 27.01.2015, sak 004/15

Gnr. 4 bnr. 31 - Mæland Bygg AS - to bustader i kjede – dispensasjon

### **Forvalningsstyret vedtok samrøystes:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå gjeldande reguleringsplan med tilhøyrande føresegner for oppføring av to bustader i kjede og for overskriding av tillaten utnytting, slik det er søkt om.
2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevest administrativt på delegert fullmakt

---

Forvalningsstyremøte 27.01.2015, sak 005/15

Gnr.11 Bnr. 63 - Kjell Frode Lie - 2 tomannsbustader - dispensasjon frå krav til regulering

### **Forvalningsstyret vedtok samrøystes:**

1. I medhald av § 19 - 2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå krav om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av 2 tomannsbustader på to godkjent fråskilde parsellar på gnr. 11 bnr. 63, slik det er søkt om.
2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevest administrativt på delegert fullmakt.

**Bokn Bygdablad  
for 25 år sidan**  
**FRÅ NR. 2 1990**



DET ER INGEN APRIL-SPØK AT 7.KL. SKAL FRAMFØRE DENNE REVYEN SØNDAG 1. APRIL KL. 14.00 PÅ BOKN SKOLE.

Revyen "5000 UNGDOMMER", som mange fikk se og høre litt av på skolens jule - avslutning i fjor, er skrevet av Ole Paus med tanke på at 5000 ungdommer blir drept eller skadd i trafikken hvert år. Denne revyen "på liv og død" har et tema som vil bli mer og mer aktuelt her i kommunen ettersom trafikken kommer til å vokse.

Ungdommer mellom 15 og 25 år er mest utsatt, og revyen tar bl.a. for seg hvordan det går med dem som i løpet av brøkdelen av et sekund fikk livet sitt og framtida smadret på en vei.

7.kl. har engasjert seg sterkt i dette, og gjør en fantastisk innsats både som klasse og som solister i denne sterke, tankevekkende, men også underholdende revyen.

KOM OG SE OG HØR SØNDAG 1. APRIL !!!!!!

## Hest og hov på årsmøte i BORK

Kari Christensen

Bokn Ride og Kjørekubb (BORK) hadde årsmøte 26. februar 2015 på Krovågen Hestesenter.



Jan Egil Alvsvåg fra Karmøy var på besøk – han er hestemann, barfottrimmer og sykepleier med stort engasjement for hestens helse. Jan Egil fortalte om hestens hov; oppbygging, funksjon og anatomি. Riktig foring, korrekt beskjæring av hoven samt at hesten *blir* brukt og trent, er sentrale elementer i forebygging av skader og sykdommer. Slik legger vi som bruker hesten forholdene til rette for et langt og godt hesteliv!

Som nytt medlem i BORK-styret ble Hilde Hansen valgt, mens Tom Are og Mari Bokneberg (ungdomsrepresentant) ble gjenvalgt. Disse fortsetter i styret ett år til: Emilie Moi Eikje (leder), Amalie Våga, Kari Christensen, Ida G. Schmeichler.

Klubben er eier av egen hestehenger, og tilbyr utlån til medlemmene for en rimelig penge. På 17. mai drar vi i gang rideaktiviteter med hester og ponnier, som i fjor. Det blir kurs med hestekiropraktor og dyrlege Tonje Lund Ness i april og kurs i horsemanship og treningsmetoder til høsten.

BORK har inngått leieavtale med Krovågen Hestesenter i 2015. Medlemmer har tilgang til trening med hest i ridehallen og øvrige treningsanlegg (dressurbane og ovalbane) alle dager i uka, unntatt når det er arrangementer på gården (ridekurs, rideleire m.v.).

Klubben er tilsluttet Norges Rytterforbund, og både hestesenteret og klubben bruker Facebook aktivt for å informere om kurs og andre aktiviteter.



# Kulturkalenderen

## Endringar/nye arr.

### Mars

27. Dåpsskule, Allrommet kl. 12.00-13.30  
27. Kino i Auditoriet  
29. Gudsteneste kl. 11.00  
29. Vårkonsert kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps  
29. Bingo kl. 18.00, arr. Bokn musikkorps  
Veke 14 Påskeferie, Bokn skule  
**30. Påskekonsert i kyrkja kl. 18:00 - sjå under og s. 29**  
**30. Påske- og konfirmasjonspynting, Allrommet kl. 19:30 - sjå s. 29**

### April

02. Bokn bedehus: Påskemåltid kl. 19.00  
03. Gudsteneste kl. 13.00  
05. Gudsteneste kl. 15.00  
07. Bokn bedehus: soknerådsmøte kl. 19.30  
10. Kino i Auditoriet  
**12. Hestens helse, Krovågen hestesenter kl. 10:00-17:00, arr. BORK**  
12. Bokn bedehus: ABR-senteret kl. 19.00  
13. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00  
15. Bokn bedehus: Kontaktmøte kl. 19.00  
19. Bokn bedehus: Gideon kl. 19.00  
24. Kino i Auditoriet  
26. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps  
26. Gudsteneste kl. 18.00 - Ung messe, samtale-gudsteneste  
27. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00  
28. Forvalningsstyremøte i formannskapssalen kl. 19.00  
30. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

### Mai

03. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon  
05. Formannskapsmøte i formannskapssalen kl. 17.00  
08. Kino i Auditoriet  
11. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00  
15. Løftefornying, Bokn KFUK-KFUM  
17. Gudsteneste kl. 10.30  
20. Bokn bedehus: soknerådsmøte kl. 19.30  
22. Kino i Auditoriet  
24. Gudsteneste i Tysvær kl. 11.00 -  
Felles for Bokn og Tysvær  
26. Forvalningsstyremøte i formannskapssalen kl. 19.00  
28. Møte i Kontrollutvalet, Allrommet kl. 18.00  
30.-31. Blikshavn-leir for Stifinnarane, Bokn KFUK-KFUM  
31. Gudsteneste i Loten kl. 11.00 -  
Felles for Bokn og Tysvær
- Juni**
03. Bokn sanitetsforening har basar på skulen kl. 19.00  
05. Kino i Auditoriet  
05.-06 Overnatningsleir for Oppdagarane, Bokn KFUK-KFUM  
08. Møte i Rådet for eldre og funksjonshemma, formannskapssalen kl. 17.00  
09. Formannskapsmøte i formannskapssalen kl. 17.00  
14. Bokn bedehus: Normisjon kl. 19.00  
16. Kommunestyremøte i Allrommet kl. 19.00  
19. Kino i Auditoriet  
21. Gudsteneste kl. 11.00  
23. St.Hans feiring og 25 års fest kl. 18.00 på nærmiljø-anlegget. Arr. Bokn KFUK-KFUM
- Juli**
- 11. Sommarmarknad på kaien i Føresvik kl. 11:00 - 15:00**

Bokn Sokneråd inviterer til ein annleis **PÅSKEKONSERT: «Verdens vakreste rose»**. Marit Anmarksrud (kona til Han Innante) er på turne. Ho har med Runi Wold-Kristiansen på harpe.

Me legg med utdrag frå tilbakemelding som me har fått tilgang på etter liknande arrangement i fjar: «De gav oss ei vakker stund. Påsken var tema. Marit hadde funnet fram til tekster de ønsket å formidle, Runi musikk som passet til. De gav oss variasjoner over Det hev ei rose sprunge, Se vi går opp til Jerusalem. Sarabande av Croft og Shephards Song – en mongolesisk folkesang

arrangert av Magnar Åm. Vi fikk høre om Abraham og Erkeengelen med dikt av Jens Bjørneboe, og den amerikanske legenden med de tre trærne i skogen som ble til krybbe, båt og kors. Vi fikk høre om Abraham og offerlammet og til slutt H.C.Andersens eventyr om Verdens vakreste rose. Den fantastiske klangen fra harpen fylte hele kirkerommet og sammen med opplesningen ble det nesten en meditativ opplevelse – vart og uendelig vakkert.»

Det blir ikkje teke inngangs billett, men utgiftene

er så pass store at me vil be om ein god kollekt ved utgangen. **Velkommen til ei annleis samling i kyrkja 30. mars kl. 18.00 – 19.00**

**Bokn Sokneråd**

**Verdens Vakreste Rose**  
En fortelling om kjærlighet og lidelse med ord og toner.

Marit Anmarkrud – fortelling  
Runi Wold Kristiansen – harpe



Jardar Havikbotn

## Austre Bokn Bygdalag fekk midlar til vestar og postkasse på Vardafjellet.

Det er kanskje ikkje så ofte ein høyrer om *Kjekt på Bokn* lenger nå, men prosjektet - med målsetting om å gjera Bokn til ein endå betre stad å bu - er framleis levande. Austre Bokn Bygdalag fekk støtte til å kjøpa inn 40 vestar til sundagskampane sine i tillegg til ny tur-postkasse.

### Fotballkamp

Kvar sundag, i alle fall når veret tillet det, er det fotballkamp på balløkka i Øyrenfeltet - ungane mot dei vaksne, med kake, kaffi og saft på sidelinja.



Dei 40 nyinnkjøpte vestane, 20 til vaksne og 20 til ungane, er svarte på den eine sida - så nå går kampane med eit refleksvest-lag mot eit lag med svarte vestar.

Og får dei ikkje nok trim av fotballkampen, kan dei ta seg ein tur til den flotte postkassen på toppen av Vardafjellet, som blei montert i vike 7.



Serie

## Eg seie meg så

Birger Lindanger

Denne gongen vil me ynskja Dag Inge Våge velkommen med i gjengen med ein hederleg tredje plass. Denne gongen var nok av dei meir krevjande. Såleis var tydelegvis *ein skjere* heilt framandt for alle. At *ei syltekodla* var sjølv krukka/skåla som sylta låg i, var det bare Dagsentergjengen som visste.

### Forklaringsane:

- |                      |                                     |
|----------------------|-------------------------------------|
| 1. ei syltekodla     | trekrukke å ha hovudsylta av gris i |
| 2. å vera sørpen     | å vera syten                        |
| 3. å vera på tådet   | å vera snakkesalig                  |
| 4. å godna seg       | å betra seg medvêret                |
| 5. å halda føre      | å meina noko                        |
| 6. ein skjere        | ei skreddarsaks                     |
| 7. å knåva           | småslossing                         |
| 8. ei knøa           | ein deig                            |
| 9. ein tase (om dyr) | ein daud sau                        |
| 10. å gå i badl      | å gå i surr, å koma utav det        |

### Månadens uttrykk, kva betyr:

1. å teksla i
2. å vera tids
3. å eda seg vom over rygg
4. å gå i belg
5. å leggja i steidn
6. å gå i kalven
7. begjeven
8. å ikkje vera te någes
9. rutlite
10. å tyda (ikkje forklara)

**Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 13. april.**

### Resultat:

Dagsenterdamene	9 poeng
Andor Borgenvik	8 poeng
Dag Inge Våge	6 poeng

Så vil me også denne gongen takka for gode bidrag av gamle ord og uttrykk. Nokre boknarar er ei retteleg oppkomme av seiemåtar, ord og vendingar. Men på ny etterlyser me kvinnene. På mange vis blir det me får inn, prega av mansverda.

## Såret

**Dyremishandling er å gjere vondt ting mot dyr. For eksempel drepe dyr på ein stygg måte, eller slå dyr\dyret.**

### Kina

I Kina er det mykje dyreplageri, for eksempel hundar, kaninar, sauher, kattar, osv.

Hundar blir etne i Kina, det synest mange ikkje er bra, men er det ikkje verre og tenke på kva som blir gjort med hundane før dei dør?

10.000 hundar blir torturerte, drepne og etne på ein tradisjonell festival som er ein gong i året. Dei gjer dette for å bli kvitt hundane frå gatene. Kvifor kan dei ikkje gjere dette på ein annan måte?? Dyrevernet prøver å stoppe det, men mange vil halde på tradisjonen, fordi dei vil at dei neste generasjonane skal vere med på dette. Så noen som ikkje et hund, et hund den dagen\dagane. Det blei ete 10.000 hundar i 2014, tenk viss dei torturerer, drep og et fleire i 2015. kva skal vi gjere då? Det er jo ikkje bra å torturere dyr, så kva skal vi gjere for å stoppe dette?

**Kjelder :** <http://www.ibtimes.co.uk/china-dog-meat-festival-2014-10000-dogs-be-slaughtered-yulin-summer-solstice-celebration-1451869>

[http://www.dagbladet.no/2014/06/22/nyheter/utenriks/kina/dyrenes\\_nyheter/dyr/33974587/](http://www.dagbladet.no/2014/06/22/nyheter/utenriks/kina/dyrenes_nyheter/dyr/33974587/)

### Australia

I Australia er det også mykje dyreplageri. Det dyret som blir mest utsett for dyreplageri er sauher, mykje på grunn av ulla. Det er veldig stor produksjon av ull i Australia. Mange sauher blir «skjerte» utan bedøving. Meri-

nolam har ei spesiell type ull. Denne ulla er dyrare en vanleg. Dei lamma blir utsette for noko veldig vondt. Dei får ofte skit (avføring og urin) rundt baken, det kan øydelegge resten av ulla. Så for at dette ikkje skal skje, skjerer dei vekk huda rundt halen og skjerer av halen, utan bedøving!

Dei vanlege sauene blir også mishandla. Når dei skal bli klippte, må det skje fort, for det er mange sauher som skal bli klippte på ein dag. Dei som klipper sauene, slår sauene sånn at dei skal «sitte» roleg. 1 av 15 sauher dør når dei skal bli klippte!

Tenk at du kanskje går med ulla frå ein mishandla sau eller lam.

**Kjelder :** <http://www.dagbladet.no/nyheter/2008/02/24/527870.html>  
<http://www.side2.no/3717604.html>  
<http://www.vgtv.no/#!video/85018/sjokkvideo-brutal-saueklipping-nb-sterke-bilder>



Bilde frå vgtv's sjokkvideo om brutal saueklipping.

### Kvinne som drap kattungar

Ei kvinne drap 38 kattungar med å stappe dei oppi frysaren. Kvinnen sa at ho ikkje hadde plass til dei meir, så



I denne frysaren oppbevarte kvinna dei drepne kattungane.

Foto: Politiet

derfor drap ho dei. Kvinnen sa også at ho hadde låst seg inne på rommet sitt eller gått tur ute, for å ikkje høre dødskrika frå kattungane. Dommen ho fekk var prøvetid og 30 dagbøter a 200 kroner.

<http://www.dagbladet.no/2012/02/09/nyheter/innenriks/dyreplageri/20146981/>

Synest de ikkje at dette er gale, at folk bare kan gjere sånn? No spør eg du som driv med dyreplageri: «Kvifor gjer du dette? Korleis kan du gjere dette? Korleis kan du leve med deg sjølv? Ser du ikkje at dyret kan føle smerte? Korleis hadde det vore viss nokon gjorde det med deg?» Det er noe å tenke på.

Ein siste ting, tenk på kva du kjøper av ull og hundeskinn, osv. Hugs at eg berre har tatt to dyreartar og det finst tusen fleire, og eg har berre tatt tre tilfeller, for det finst også tusen personar som driv med dette.

**Madelen Kallevik Hanssen, 13 år**

## Vegane på Bokn

Vegane på Bokn er eit tema som har vore nemnt av og til, men det er aldri blitt gjort noko med, så eg håpar at kommunen og Fylket tar initiativ og gjer noko med dette.

Når det er glatt på vegen i eit byggefelt for eksempel, kan bilar køyre på ungar, viss folk ikkje klarer å stoppe.

Vegane på Bokn har vore därleg brøytt og strødd, Det forsinkar bussar og andre køyretøy. Det kan også føre til fatale skader på bilar, bussar og lastebilar.

Eg kører ikkje bil sjølv, men med tanke på andre sjåførarar, så er det ein fordel å brøye betre slik at ein kjem seg fortare fram i trafikken. For eksempel bussane som kører rundt med elevar på Bokn blir ofte forsinka om vinteren når det snør fordi dei set seg fast. Og når dei ikkje strør tidleg om morgonen, må bussjåføra brukne bruke tid på å ta på kjetting når det er glatt.



*Nord for Håklepp i 2011.*

Foto: Tor Andre Johansen



Foto: Kyre Lindanger

Vegane er i generelt dårlig stand heile året. Vegane mot Loden og Jøsang

er forferdeleg svingete, humpete og holete. Det kan øydeleggje hjulopp-henget på bilane og i verste fall punktere bildekk, dekk er også dyre saker.

Kommunen bør prioritere å fikse vegane og begynne å brøye meir og betre, syns i alle fall eg og sikkert dei aller fleste på Bokn.

Adrian Hesthammer, 13 år

## Heder og ære til melkeprodusent fra Bokn

På Regionmøtet i Region Sør ble det delt ut plaketter for levering av Elitemelk i 20 år til Lars og Anne Guri Bokneberg fra Bokn.

Dette er en utmerkelse som henger meget høyt. Blant ca. 1600 melkeprodusenter i Region Sør var det 26 som oppnådde denne prisen for 2014. Det er rekord. Ikke noe år tidligere har så mange fått utdelt slik en plakett i Region Sør.

Det er en rekke krav til kvaliteten av melka for at den blir klassifisert som Elitemelk.

Celletall, bakterieinnhold, sporeinnhold, syretall og frysepunkt blir kon-

trollert flere ganger i måneden og melka blir kontrollert for innhold av medisinrester ved hver melkehenting.

Kravet for å motta 20 års plakett er at en må ha levert Elitemelk i 20 av 22 år. I tillegg til krav om Elitemelk er det også krav om KSL-godkjennning (Kvalitetssystem i Landbruket) og et bra fjøsstell.

### Melka blir stadig bedre

Den beste melka blir klassifisert som Elitemelk. I 2014 var 94,3 % av volymet Elitemelk i TINE. Det er en fremgang på 0,6 %-enheter fra 2013.

- Å levere Elitemelk over lang tid krever både fagkunnskap og gode rutiner i gardsdrifta. Melkeprodusentene blir mer og mer bevisste over hva god melkekvalitet betyr og de gjør en stor innsats, sier distrikts-sjef Edvin Vestvik.

God kvalitet på melka vi får inn til meieriene våre er avgjørende for kvaliteten på produkta. Derfor pre-mierer TINE melkeprodusentene for å levere god melk.

Region Sør omfatter Telemark, Agder-fylkene og Rogaland.

Svein Helge Einarsen  
Distriktsjef, Ryfylke og Haugalandet



Kommunestyremøte 16.12.2014, sak 038/14

**Tilbud fra Haugesund kommune - Samarbeid om midlertidig interkommunal legevakt.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner vidare forhandlingar med Haugesund kommune om ei midlertidig legevaktløysing for Haugesund, fastlands- og nord Karmøy, Tysvær, Sveio, Bokn og Utsira lokalisert i Karmsundsgata.
2. Viktige omsyn vil vere at Haugesund kommune er open for samarbeidsavtale om supplerande legetenester i kommunens øyeblikkelig hjelp døgnopphald, og at vaktbelastning for fastlegane blir omrent prosentvis etter innbyggartal.
3. Tidspunkt for muleg avvikling av dagens legevaktordning i Aksdal og overgang til ny løysing i Karmsundsgata blir førebels fastsett til 01.09.2015.
4. Avtale om midlertidig legevaktløysing for Haugesund, fastlands- og nord Karmøy, Tysvær, Sveio, Bokn og Utsira lokalisert i Karmsundsgata blir føresett framlagt for formannskapet til godkjenning innan 15.02.2015.
5. Kommunestyret meiner at geografien på Ytre Haugalandet ligg godt til rette for eit brent samarbeid både om legevakt og andre akutttenester, m.v. Kommunestyret ber om at slike utvida samarbeidsløysingar blir utgreidd nærmare både i det vidare arbeidet med ei interkommunal legevakt lokalisert i aksnen Norheim-Raglamyr, evt. ei varig løysing i Karmsundsgata, og i det vidare arbeidet med interkommunal brann- og redningsteneste, med mål om å sikre god kvalitet og best muleg ressursutnytting.

---

Kommunestyremøte 16.12.2014, sak 039/14

**Regionalplan for sjøareal.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

1. Bokn kommune sluttar seg til planprogrammet for regional plan for sjøareal.
2. Ordføraren blir nemnt opp til å representera kommunen i referansegruppa

Kommunestyremøte 16.12.2014, sak 040/14

**Endring av reguleringsplan for Øyren - endeleg godkjenning**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

Bokn kommune vedtek framlegg til endring av reguleringsplan for Øyren – med plankart dagsett 24.07.2014 og føresegner dagsett 25.07.2014.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

---

Kommunestyremøte 16.12.2014, sak 041/14

**Kommuneplan - avgjørelse i meklingssak mellom Kystverket og Fiskeridirektoratet.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

- *Ankringsområdet på Falkeidflætet blir lagt ut med fleirbruksføremålet «ferdsel og fiske» i plankartet.*
  - *Ankringsområdet får følgjande føresegn:*  
«Området Falkeidflætet er avsett som ankringsområde. Ved fleir bruk av området har ankring prioritet.»
- 

Kommunestyremøte 16.12.2014, sak 043/14

**Budsjettkontroll 3. kvartal 2014.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

Kommunestyret tok orienteringa til etterretning

---

Kommunestyremøte 17.03.2015 sak 002/15

**Fleirbrukshall på Bokn - orientering til kommunestyret.**

**Kommunestyret sitt vedtak:** Kommunestyret tok orienteringa til etterretning.

---

Kommunestyremøte 17.03.2015 sak 003/15

**Kontrollutvalet si årsmelding for 2014.**

**Kommunestyret sitt vedtak:** Bokn kommunestyre tok kontrollutvalet si årsmelding for 2014 til orientering.



Kommunestyremøte 17.03.2015 sak 004/15

**Rapport - Forvaltningsrevisjon Bokn kommune - Tilpassing av Samhandlingsreforma.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpassing til Samhandlingsreforma» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sin tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Kommunestyremøte 17.03.2015 sak 005/15

**Endring av reguleringsplan for Øyren - klage på kommunestyret sitt stadfestingsvedtak.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

1. Bokn kommunestyre finn ikkje at klagan frå eigar av gnr. 5 bnr. 28 (Øyren 66) inneheld nye opplysningar eller argument som ikkje var kjent då kommunestyret gjorde vedtak i sak 040/14 om å stadfeste endring av reguleringsplanen for Øyren. Kommunestyret held derfor fast på vedtaket i sak 040/14.
2. Klagen vert sendt over til fylkesmannen i Rogaland for endeleg avgjerd.

Kommunestyremøte 17.03.2015 sak 006/15

**Framlegg til reguleringsplan for Aksdalsnes naust og småbåthamn - endeleg godkjenning.**

**Kommunestyret vedtok:**

Bokn kommune vedtek framlegg til reguleringsplan for Aksdalsnes naust og småbåthamn  
– med plankart dagsett 18.02.2015 og føresegner dagsett 18.02.2015

Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

## Fleir brukshallen: Sju års time-out er nok!

Me visar til Bokn Senterparti sitt lesarinlegg i februar-utgåva av Bokn Bygdablad med tittelen: «Flerbrukskall: Time out!». Det er flott at Senterpartiet viser engasjement, men la oss nyansera saka litt!

Arbeidet med å bygga fleirbrukskall i Bokn starta i førre kommunestyreperiode, altså for sju år sidan. Andre kommunar kan andre modellar for gjennomføring av denne type prosjekt, men i Bokn har det ikkje vore snakk om anna enn at kommunen skulle bygga, eiga og drive ein fleirbrukskall. Det har ikkje kome andre innspel enn at dette skulle vera eit kommunalt prosjekt på same måte som det var i Kvitsøy kommune.

Når det gjeld prisen på ein fleirbrukskall, kan ein ikkje seie noko sikkert før anbodskonkuransen er gjennomført. Men det er ei svært gunstig tid å gå i gang med eit slikt prosjekt når konjunktur nedgangen i landet og aukande arbeidsløyse gjer at entreprenørbransjen søker slike jobbar. I tillegg har bankane nå rekord låg utlånsrente.

På bakgrunn av eit overslag frå konsulenten, har Bokn kommune rekna ein kostnad på 39 millionar kroner i søknaden sin om tippemidlar, men den endelege summen får me når anboda kjem inn ut over våren. I samband med bygginga av Orstadhallen i sørfylket, kom det inn tilbod frå åtte entreprenørar med prisar som varierte mellom 26 – 40 millionar kroner. Senterpartiet tok i innleget sitt utgangspunkt i det lågaste anboden, sjølv om dei i budsjettforslaget sitt for 2015 foreslo 33 millionar kroner til hall. Fleirbrukskallen på Orstad hadde ein kostnad på vel 30 millionar kroner, men det høyrar med til historia at utbyggar fekk eigedommen for 1 (!) krone.

Bokn kommune har sjølv sagt ikkje begynt i «feil ende». Sjølv om prosjektet hadde vore eit privat initiativ, måtte ein planmessig gått dei same rundane med regionale styresmakter, mellom anna for å få aktuelt areal inn i kommuneplanen. Tvert imot har Bokn kommune i løpet av desse åra brukt svært mykje tid og ressursar på å planlegge eit prosjekt som til slutt skal bli av stor verdi for boknarane og som skal gjere Bokn til ein meir attraktiv stad å bu. Ein har gjennomført synfaring i svært mange andre fleirbrukskallar, hatt møte med andre utbyggjarar, jobba systematisk opp mot regionale styresmakter for å få naudsynte godkjenningar, søkt sponsormidlar og andre tilskott og gjennomført møte med lag- og organisasjonar i Bokn. Mellom anna har Bokn idrettslag blitt tatt med på råd og har mellom anna fått gjenomslag for ein squashhall i det nye bygget.

Senterpartiet har meir eller mindre systematisk motarbeidd prosjektet og konsekvent stemt imot alle saker som har omhandla bygging av fleirbrukskall. Ikke på grunn av økonomi, men fordi ein ikkje har fått viljen sin med tanke på plassering av hallen og eit sterkt ynskje om å bygga ny skule. Det er gledeleg at Senterpartiet nå signalisrar at dei er positive til ein fleirbrukskall i Bokn. Prosjektet er på oppløppssida, men etter sju års time-out, er tida inne for å fullføre bygginga av fleirbrukskallen!

**Bokn Arbeidarparti og Bokn Høyre**

# Høg allsongfaktor!

Jardar Havikbotn

**Songen Ijoma over heile Boknatun om føremiddagen 12. mars då vise-duoen Par i hjerter vitja Allrommet med songar frå Ønskekonsertens glanstid.**

For dei 37 tilhøyrarane blei det reine *Schlager-halvtimen* og vel så det. Mange av dei mest populære songane frå 50-talet kom på løpende band, og den gode og nødvendige kommunikasjonen mellom utøvarene og dei frammøtte var der frå førs-te tone.

Gla'trim-gruppa var blant publikum. Dei hadde droppa torsdagstrimmen til fordel for denne musikalske hyg- gestunda.

- Men å synga er god trim det, konstaterer duoen. Liv Stenersen tok eit døme frå operaverda og samanlikna den jobben ein opera-songar gjer på ein operakveld med å springa maraton. Spe sielt musklane i mel-lomgolvet får gjen-nomgå.

Operasongarar var ikkje til stades blant publikum, men songgleda og smilet var absolutt eksisterande. Sjølv om ein stor prosent kunne alle tekstane som blei framførde, blei det også delt ut eit allsong-potpurri. Strofer frå *Tulipaner fra Amsterdam*, *Det var på Capri jeg så henne kom-me, En liten pike i lave sko, I en liten dal langt mot nord, Gamle Svarten,*



*Liv Stenersen og Øyvind Kjus hadde med seg ein smittande song- og speglede.*

m.m. runga entusiastisk ut døra på Allrommet, akkompagnert av gitar, piano og ein stor dose nostalgi.

- Veldig bra publikum, her! Vi kommer gjerne igjen, sa Øyvind Kjus.

Då blir dei i tilfelle tatt godt i mot,



*Populær stund på Allrommet .*

Austlendingane var på Rogalandsturné i veke 11. Dei kom frå Hjelme-land og skulle vidare til Bjerkreim. Dei likte seg godt på Boknatun.

for denne stunda var svært populær. Konserten blei arrangert av Bibliote- ket og Sjukestova i samarbeid med Folkeakademiet i Rogaland.

# Har alle ein forfattar i seg?

Arne Hosaas/Lydia Ognøy

**Forfattar Bente Bratlund var på besøk torsdag 5.3 og prøvde å lokka forfattarspira fram blant elevane på Bokn skule.**

Elevane fekk høyra frå nokre av bøkene hennar. Dei fekk høyra om korleis ho planla handlinga, om korleis ho fekk idear, og om korleis ho vart inspirert til å skriva. Så var det småøkter der elevane skulle prøva sjølv i praksis å setja ord på sine idear. Etterpå vart elevane oppmoda om å dela teksten sin med resten av ungdomstrinnet. Fleire var modige og fekk tilbakemelding frå Bente Bratlund.

«Kva er det fælaste, mest fryktelege, utenkjelege som kan skje» - fortel om det, var den siste skriveoppgåva elevane fekk. No skulle fantasien få fritt spelerom, og så skulle det ned på papiret. Litt tynnare i rekkjene når elevane no skulle presentera svara sine.

Niande klasse hadde lese eit utdrag frå ungdomsromanen «LIV», ei fortelling om to bestevenninner der den eine vart alvorleg sjuk. Bente Bratlund vart spurta om korleis romanen slutta. Men – nei – , «de må lesa boka sjølv for å få vita det», var svaret, ei klar oppmoding om å lesa bøker.

Bente Bratlund er utdanna lærar og voks opp i Os ved Bergen. Ho har helst skrive for barn og ungdom, og eit av kjenneteikna i bøkene hennar er språket. Ho skriv på nynorsk, og uttrykkjer seg på ein enkel og stemningsskapande måte.

**Ein åttandeklassing skreiv dette etter kursslutt:**



*Bente Bratlund under skrivekurset.*

*Foto: Linda Ognøy*

## Skrivekurs for ungdomsskolen

Den 14. aug. fikk 8.-10. klasse besøk av forfatter Bente Bratlund som holdt skrivekurs i de tre siste timene. Ifølgje Bente, har skriving ingen hindringer, man kan skrive om absolutt hva som helst, og andre ting som dysleksi kan ikke stoppe deg med å putte en bokstav etter den andre.

Å skrive handler ikke bare om å skrive lange romaner, eller en bokserie med 5-6 bøker. Du kan skrive om hverdagen din, du kan sette deg ned og skrive hva du ser, føler og hører, og av dette kan du lage mange små dikt.

Du trenger ikke alltid ha den lengste teksten. Alt dette ble vi fortalt på skrivekurset og mer til, vi ble satt til å skrive små dikt på denne måten, og framføre dem hvis vi hadde lyst.

**Lydia Ognøy, 14 år**



*Foto: Jardar Havikbotn*

Ein smilande og entusiastisk forfattar møtte meg på biblioteket før skrivekurset med ungdomsskulen. Eg fekk eit eksklusivt bilde då ho henta den nye boka si; *Fly, Thea! Fly!* - som ho hadde fått frå forlaget sitt dagen før. Boka er i første rekke retta mot barn på mellomsteget, som ho skriv mest for.

Tidlegare på dagen hadde Bratlund hatt eit skuleopplegg med nettopp mellomsteget.

- redaktøren -



# Bokn idrettslag informerer



**Idrettslaget engasjerer seg og deg, og det gir resultater...**

Anette Våga

Bokn idrettslag engasjerer mange store og små i bygda, og det er svært gledelig å se at kunstgressbanen blir flittig brukt. Det har allerede blitt startet opp to nye fotball-lag og antall spillere på eksisterende lag har økt. Barn og unge samles også utenom organiserte treninger og bruker banen ved egentrening. I tillegg har ungdommer og voksne begynt å spille fotball fast en gang i uken.

## **Et lag for hele lokalsamfunnet**

Ved siden av fotballen er volleyball for ungdom og voksne den aktiviteten med lengst tradisjon i Bokn IL, hvor der fortsatt også er god aktivitet, men plass til flere. Det samme gjelder for barnetrim og trial. Idrettslaget ønsker å drive et idrettslag for hele lokalsamfunnet, og på bakgrunn av dette er det både uforståelig og trist at sykkelgruppen har valgt å trekke seg ut av Bokn IL og startet sin egen klubb. Idrettslagets visjoner om at idretten skal være for alle, og at det ikke kun må satses på noen få, tilsier at en trenger en bredde av aktiviteter. Bokn IL skulle derfor svært gjerne også hatt disse ressurssterke og flinke folkene som sykler med seg på laget, men satser på et tett samarbeid i stedet for konkurrerende virksomhet. Det er også et ønske om å starte opp igjen med step og yoga etter påske.



## **Squashbane**

At det nå skal bygges en squashbane etter innspill fra idrettslaget i den nye flerbruksallen, er svært positivt med tanke på å fremme ytterligere fysisk aktivitet blant innbyggerne. Det blir et godt supplement til eksisterende aktiviteter og tilbud og kan forhåpentligvis få enda flere opp av sofaen. I et folkehelseperspektiv er det jo best om en kan få flest mulig i mest mulig fysisk aktivitet.

## **Miljøskapende idrett**

Squash er et intenst og morsomt ballspill som minner om en krysning av tennis og badminton, og foregår inne i en hall med fire vegger. Veggene er avgrenset med linjer som «former» selve banen. Det er en sport for begge kjønn, barn (fra 6 år), unge og gamle. De fysiske ressursene en bruker på banen dekker alle elementene i trening, som styrke, utholdenhets, bevegelighet, smidighet og koordinasjon, i tillegg til at det er kjempekjekt. En kan delta i nasjonale og internasjonale mesterskap fra 13 – 70 år, og spillere fra alle aldre kan spille sammen på trening og i turneringer. Det er lav skaderisiko forbundet med idretten, også for eldre spillere. Squash er med andre ord en



**Squash er et intenst og morsomt ballspill.**

individuell og sosial idrett, som også måsies å være miljøskapende på tvers av generasjoner. Idrettslaget håper derfor at mange får glede av og ønsker å ta del i denne idretten etter hvert.

## **Sosial møteplass**

Det må også sies at idrettslaget gleder seg og ser frem til større og etter lengtet kapasitet når det gjelder treningstider, når flerbruksallen står ferdig. At den vil gi rom for variasjon og åpne opp for mange andre nye, spennende muligheter er soleklart. Idrettslaget ser for seg at flerbruksallen vil bli den nye sosiale møteplassen og være et stort løft for fellesskapet på Bokn, om alle bidrar positivt! Ikke minst vil den også gjøre det mer attraktivt å bosette seg på Bokn.

## Fra årsmøtet i Bokn IL 22. februar

### Aktiviteter i 2014:

- **Fotball, 4 lag:** Gutter/jenter 8 år, Gutter 10 år, Jenter 10 år og Gutter 11 år
- **Trial,** 17 aktive kjørere.
- **Ungdomsvolleybal,** ca 15 aktive.
- **Volleyball voksne**
- **Sykkel,** 3-10 deltakere.

- **Barnetrim 2-5 år,** ca 15 aktive.

### - Treningsrom

Bra aktivitet, men fremdeles plass til mange flere i det nyoppussede lokalet.

**Tabata/step/yoga:** 10-20 aktive.

### Andre arrangementer:

Bokn Opp, 17. mai (frokost, trial-

oppvisning, kiosk), Bokn OppNed, ute-dans, stilethelløp, Steinsvikrittet,

### Utleie/drift idrettshus

Her må vi markedsføre nyoppussede lokaler bedre. Generelt er nå idrettshuset i god stand uten at en må hvile på laurbærrene. Utgiftene til drift (kommunale, boss, vask, vedlikehold) er betydelige og en bør derfor utnytte kapasiteten.

## Kunstgressbanen

Noen «småting» gjenstår før vi er helt fornøyde: Lager, skiftemuligheter og toaletter. Styrets forslag til vedtak: Bokn IL, sammen med andre frivillige lag, bygges det toalettbygg på nærmiljøanlegget. Styret kan avsette kr 100000 til formålet av Bokn IL`s oppsparte midler.

Vedtak: Enstemmig vedtatt.

## Flerbruksshall

Bokn Kommune har i denne saken valgt å ikke involvere Bokn IL utover den begrensete informasjonen som har vært gitt til alle lag og foreninger, selv om Bokn IL naturlig vil bli største bruker og Bokn IL`s idrettshus og eiendom har vært en del av planene.

Styrets forslag til vedtak: Bokn IL bør gjøre det klart for Bokn kommune at felles bruk av idrettshus/idrettslagets eiendom og den planlagte flerbruksallen ikke er en selvfølge om ikke Bokn IL blir involvert i løsninger og konsekvenser. Det bør også settes ned en egen arbeidsgruppe som følger dette aktivt, spesielt med tanke på fremtidige kostnader ved bruk for Bokn IL.

Vedtak: Enstemmig vedtatt.

## Lyssetting av tursti og veg på Boknafjellet.

Dette har lenge vært ett ønske som bør prioriteres høyere. Det vil gi ett fantastisk tilbud til mange av innbyggerne i Bokn. Bokn IL har deltatt på oppstartsmøte med «Kjekt i Bokn» og representanter fra politikken i Bokn, uten at dette har gitt konkrete resultater.

Styret i Bokn IL er derfor av den oppfatning at denne oppgaven må gjøres utenom det offentlige systemet, da dette gir helt andre muligheter for å skaffe midler, sponsorer, dognadsinnsats etc. jmfr kunstgressbanen.

Styrets forslag til vedtak: Bokn IL setter ned egen arbeidsgruppe som jobber videre med lyssetting av tursti/traktorveg i Føresvik, fra Lyngvegen til «gamle skulen», og lyssetting av veg på Boknafjellet fra vannverket til toppen av Boknafjellet: Godkjennelser av grunneiere, alternative lystyper, sjekke muligheter for å søke midler i legater, få inn priser etc.

## Innkomne saker/diverse.

### Avvikling av Sykkelgruppen

Styret i Bokn IL beklager at denne resursterke gruppen ikke ønsker å være en del av Bokn IL`s breddeidrettstilbud. Styret

kan ikke se at det er grunnlag for en egen sykkelklubb basert på kommunens befolkningstall og er redd for at det blir ett konkurrerende idrettslag når det gjelder rekruttering, midler og dugnadsinnsats. Et splittet styre går likevel inn for å unngå å skape vanskeligheter og ønsker heller Bokn SK tilbake som en del av Bokn IL på samme måte som Pluggen Motorklubb med eget budsjett etc.

Styrets forslag til vedtak: Bokn IL legger ned sykkelgruppen fra 22.02.2015.

Vedtak: Enstemmig vedtatt.

### Sponsor Erik Våga:

Firmaet Erik Våga har bidratt med betydelige summer og arbeidsinnsats ifm med byggingen av kunstgressbanen på Fyren. Erik Våga tilbyr å ikke fakturere materiell/arbeid mot at firmaet fritt får være hovedsponsor i ett gitt antall år.

Styrets forslag: Firmaet Erik Våga er hovedsponsor for Bokn IL de neste 10 år kostnadsfritt. Unntak er kostnader for profilering som skilt, trykk på drakter etc.

Vedtak: Enstemmig vedtatt.

### Nytt styre for 2015

Nina Aspenes, Kristian Nilssen, Vivian Pedersen, Tore Lund, Anette Våge, Gunnar Solberg og Marianne Furseth.

# Bronse i skiskyting

Jardar Havikbotn

## Kristin Våga Fløttum fekk bronsemedalje under Junior-VM i skiskyting.

Skiskyttar-VM for juniorar gjekk føre seg i Minsk i Hviterussland i februar. Der deltok Kristin Våga Fløttum, barnebarn til Lillian og Kleng Våga i Våga, og gjorde det kjempebra på stafetten for kvinner 19 år. Tredje plass og bronsemedaljer saman med lagvinninnene Ingrid Landmark Tandrevold og Elin Grue lot seg absolutt høyra.

Og når ei "halvt" boknajente fekk medalje i eit VM i skiskyting, gjekk det ikkje upåakta hen i sosiale me-

dier. Det var mange kommentarar og gratulasjonar på Facebook etter bragden.

Det høyrer også med til historia at lagvinninne Ingrid Landmark Tandrevold også stammar frå Boknafjordsbassenget på farssida, nærmare bestemt Sjernarøy og Nedstrand.

### Bygdabladet gratulerer!



**Kristin Våga Fløttum (th.) gjekk første etappe for Noreg.**

Foto: Andrei Ivanov.





## Omsorgsbustad til leige



Bustaden har to rom og er på 52 kvadrat. Husleiga pr. mnd. er kr 3.930 + straum.

Adresse: Boknatunvegen 61.

Ledig frå: dagens dato.

Du får søknadskjema ved å henvenda deg til Bokn sjukestove, tlf: 52 75 25 30.

**Søknadsfrist: 13. april.**

Grethe E. Heimvik

Biblioteket er stengt i påskeveka (veke 14).



## Kulturmidlar 2015

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.

**Samtlege som mottok støtte i fjor får tilsendt søknadsskjema. Søknadsskjema kan også lastast ned på bokn.no.**

Nye søkerar kan få søknadsskjema i servicetorget på Boknatun.

Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Størleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-

Søkerar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2014 og budsjett for 2015 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2015, og det skal gå fram av søknaden korleis søkeren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllast for å få stønad.

### § 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkeren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturveldar, konserter og utstillingar, osv., eller større investeringar.

**Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.**

(Velforeningane i kommunen mottar årleg drifttilskot frå kommunen og treng ikkje søka).

Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2015 blir fordele av formannskapet.

**Søknadsfrist 13. april**



## Kulturprisen 2015

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2015.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

**Desse har fått prisen tidlegare:**

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger Sønnøve Bokneberg	2003
Songtrioen	2005
(Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May J. Vatnaland)	
Odd Grønnestad	2009
Ragnhild & Artur Trosnavåg	2011
Kjell Frode Lie & Kaj Arne Christiansen	2013

**Stikkord for desse personane har vore:**

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskriving, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold, kvalitet, ja-menneske, utrøteleg, positiv, inkluderande, kompetanse, kursverksemd og frivillig humanitært arbeid.

**Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.**

Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

**Frist: 1. juli**



# Fyren bustadfelt på Bokn



Kontakt servicetorget, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no



## Sju einebustadtomter for sal


(Endeleg storlek er klar etter oppmåling)

Tomt 1-3 (størleik ca. 0,8 daa) - pr. tomt kr. 734.000

Tomt 4,5,6,8 (størleik ca. 0,7-0,86 daa) - pr. tomt kr. 614.000

**Fortløpende tildeling etter søknad.**

Sjå elles Bokn kommune sine reglar for tildeling av tomter i Fyren bustadfelt, [www.bokn.no](http://www.bokn.no)



**Nyhet!**  
Nå også leiligheter på  
74,4 m<sup>2</sup>

HAR DU LYST TE Å BU

# hima på Bokn...

..men vil ha noe mer lett vindt?



## ALVESTADKROKEN

Nye lekre leiligheter i idylliske omgivelser

**Vi tilbyr nå leiligheter på både 60 m<sup>2</sup> og 74,4 m<sup>2</sup> på Bokn.**

Boligene på Alvestadkroken har gjennomtenkte og praktiske løsninger. Det er standard med 2 soverom, men dere kan også velge 1 soverom og større stue. Velger du leilighet i 2. etg. får du ekstra høy takhøyde i stue/kjøkkendel. Båtplass er det også mulighet for i nærområdet.

Boligen kan brukes som fast bolig/fritidsbolig.

**altibox**

© POPCORN.NO

60/74,4 m<sup>2</sup> / Mulighet for startlån i Bokn kommune og inntil 100% finansiering / Kr 0,- i etablering av lån



FOR MER INFORMASJON:

Megler GEIR AUDUN VIKSE, Mobil: 46 85 03 90, E-mail: geir.audun.vikse@dnbeidom.no

Selger/utbygger Askeland Eiendomsutvikling AS v/ OLAV ASKELAND

Mobil: 90 82 59 90, E-mail: olav@bygg-askeland.no

[www.bygg-askeland.no](http://www.bygg-askeland.no)



# MÆLAND BYGG

## NYBYGG & REHABILITERING

**BOKN BYGG**

VESTLANDS HUS

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

### Utfører:

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.  
Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.  
Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.  
Leverandør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

**Jan Magne Mæland 90565245**

**Tor Henning Mæland 95221191**

**Mail: jmm@maeland-bygg.no**



BOKN HAGELAG INVITERER

KOM Å FÅ INSPIRASJON TIL PÅSKE OG KONFIRMASJONS PYNTING.

OASEN BLOMSTER KOMMER :

MANDAG 30.03.2013 KL 19.30

PÅ ALLROMMET

DET BLIR LODDSALG OG ENKEL SERVERING

VELKOMMEN !



STYRET

## ESPELAND FORSKALING

FAGFOLK GIR TRYGGHET




### Har du byggeplaner?

- Grunnmur
- Ringmur
- Forstøtningsmur
- Thermomur
- Gulv / Plate / Dekke
- Nybygg – Tilbygg

**Ta kontakt med din lokale betongentreprenør  
for et uforpliktende pristilbud.**

Tlf. 47264311

E-post: [espeland.forskaling@gmail.com](mailto:espeland.forskaling@gmail.com)



## Verdens vakreste rose -

en konsert med fortellerkunst og  
harpermusikk over temaene  
kjærlighet og lidelse

**Bokn kyrkje, mandag 30. mars kl. 18:00**

**Fri entré - kollekt ved utgangen**

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå 500 kr. pr.v.
Utvendig lakrekren av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinnkleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanl.	500 kr.

### Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797  
 John Magne 909 24 964  
 Epost: kjellfrode75@hotmail.com

## Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop  
 Marked Bokn.  
 Helsing



Oppnignstider blir varslet med  
 oppslag på døra og på  
 Facebook-sida vår.

Elisabet & Annette  
 469 59 513 - 913 28 258



## BOKN BYGDAABLAD

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året.  
 Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 424,- pr. år, 607,- for både  
 papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og  
 studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

#### Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien  
 Kjetil Hamre  
 Hanne Marte Vatnaland

**Foto, omslag:**  
 Kjetil Hamre

#### Stort framsidebilde:

Dronebilde av Ørjan Pedersen.  
 Midt i bildet: Fyren bustadfelt - i  
 forgrunnen: kunstgrasbanen,  
 Alvestad nærmiljøanlegg

#### Gjeldande annonsepriser

Heilside	kr. 2.000,-	1/8 side	kr. 250,-
Halvside	kr. 1.000,-	Privattann.	kr. 100,-
Kvartside	kr. 500,-	Nettannonse	kr. 100,-



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

**Telefon: 94 98 63 64**

## Bokn & Tysvær

## begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie  
 907 83 797  
 John Magne Lie  
 909 24 964

**Trovåg**  
 Elektro

## Gammelt sikringskap?



**KONTAKT OSS:**  
 52 77 63 39  
[post@trovag.no](mailto:post@trovag.no)

## Næringsliv



### SVENNEBREV


Ønsker gamle og nye kunder velkommen til Hårsmia. Med ønske om klipp hjemme ordner jeg det. Mineralogi-sminke for salg. Åpent alle hverdager.



Det blir åpent mandag 30/3 i påskuka. Ønsker alle en riktig god påske.

Mvh.

Hårsmia/Mona



## Frisørrommet på Boknatun - i sentrum av Bokn -



Hilsen fra Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34



## Div. tenester

### DAGSENTERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00  
Treng du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Torny Rossebø - aktivitør



### NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefotid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar



### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30 - 15.00

#### Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- uteleie av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.:** 52 75 25 10  
52 75 25 11

**E-post:** post@bokn.kommune.no

### LANDBRUKSKONTORET

Det er slutt på kontordag på Boknatun.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

**Bjørn Bruaset:** 52 75 71 75  
**Emilie Moi Eikje:** 52 75 77 69

### BOKN TANNKLINIKK

**Kontortid tysdag kl. 08.30 - 15.10**

**Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinik, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

**God påske!**

## Bokn legevakt 52 74 85 22

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 - 15.30.  
Telefotid 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

### PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 – 15.30 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

**Direktenr.:** 52 75 25 36  
**Mobilnummer:** 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

**E-postar:**  
henriette.lindanger@bokn.kommune.no  
miriam.berland@bokn.kommune.no

### HELESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

**Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61**

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

## Auka medlemstal i Bokn historielag

Reidar Alvestad

### Medlemstalet er oppe i 39

Fleire nye meldte seg inn som medlemmer då Bokn historielag hadde årsmøte den 4. mars. Medlemstalet har tidlegare lege på omkring 30, men nærmar seg nå 40.


Referatet frå årsmøtet viser at rundt 30 møtte fram på Allrommet, og mange var nok interesserte i å høyra John Skien som m.a. Har arbeidd med NRK – lokal, Norge Rundt og diverse andre program. Han var ein dyktig kåsør, og ga tilhøyrarane innsyn i tema han har arbeidd med, og menneske han har møtt. Han ga også innblikk i teknikkar som ein fjernsynsjournalist må nytta seg av for å få flest muleg til å sjå programmet. Det var planlagt vising av video frå Bokn vedrørande tidlegare opptak av bru-åpningane og andre hendingar i

lokalmiljøet, men dessverre svikta det tekniske opplegget. Det beklagar me, men kåseriet fall i god jord.

Årsmøtet gjekk så etter programmet, med val av møteleiar og referent, og innkalling og saksliste vart godkjend. Vidare vart årsmelding og rekneskap for 2014 og budsjett for 2015 godkjend.

Så var det val. Etter valet er dette det nye styret:

Leiar:	Reidar Alvestad
Nestleiar	Harry Vågshaug
Kasserar:	Leiv Våga
Sekretær:	Olav G. Larsen
Styremedlemmer:	Gudny Sæbø Arne Øvrebø
Varamedlemmer:	Sigvart Våga Eivind Øvrebø



*John Skien*

Som utsendingar til årsmøtet i Rogaland historielag i Tysvær den 25.04.2015, vart Reidar Alvestad og Harry Vågshaug valde., med Gudny Sæbø som reserve.

Som ny valnemnd vart desse valde: Birger Lindanger, Liv Vatnaland og Linda Ognøy.